

# Minneblomar

Tone: En snehvit syren

**Barndomstida er dogga av framfarne år,  
kvelden stundar mot solfall og natt.  
Men i ljuset og varmen frå livsdagens vår  
kan eg finna mitt morgonland att.**

**Eg kan minnast når natta kom inn til mi seng,  
mor sin song stilt i kveldsandakts ro.  
Og eg sovna så trygt under ljøs engleveng  
sjølv om sorga ved nattlega stod.**

**Gjennom barndom og mogning til manndommens år  
har ho vove si tid inn i mi.  
Hennar livskamp var tyngre enn nokon forstår,  
men den daglege styrken var fri.**

**Under alderdoms krana i livskvelden sein  
tok ho glad imot æra og ros.  
Og nå kviler ho kyrt bakom krossmerka stein  
under kjærleikens signande ljøs.**

**Eg vil tru at ho mor nå eig sigerkransløn  
høgt i ljose og tidlause rom.  
Og frå alle ho bar fram i arbeid og bøn,  
vil eg leggja ved steinen ein blom.**